



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
v/statsråd Jon Georg Dale
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Vår referanse: 2018/38863-6
Saksbehandler: Øivind Hauge Støle
Dato: 11. mars 2019
Deres ref.:

E39 Vågsbotn-Klauvaneset – lokale prioriteringar

Regionrådet Nordhordland og Bergen kommune viser til møte med statsråden 7. desember 2018, og vil med dette informere nærmare om status for lokalt arbeid og prioriteringar.

Arbeid med kommunedelplan for to delstrekningar på framtidig Ringveg Aust i Bergen er no godt i gang. I Nasjonal Transportplan 2018-2029 er strekninga E16 Arna-Vågsbotn prioritert for gjennomføring i siste del av planperioden, medan strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset er prioritert for oppstart i siste del av planperioden.

Lokalt er det semje om at strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset bør prioriterast opp gjennom komande rullering av Nasjonal transportplan. Bystyret i Bergen har gjennom handsaming av fleire saker støtta oppunder og prioritert dette arbeidet. I januar 2018 vedtok Bergen kommune høyringsfråsegn til Statens vegvesen sitt Handlingsprogram for riksvegnettet 2018-2021 som oppfølging av NTP 2018-2029. Her heiter det mellom anna:

«Bergen kommune vil også peke på behovet for å prioritere oppstart av delparseller av ny Ringveg Øst, som i denne sammenheng inkluderer den nordligste delen Vågsbotn-Klauvaneset. Etter Bergen kommunes vurdering bør nettopp denne parsellen prioriteres høyst, på bakgrunn av stort behov både mht trafikksikkerhet og fremkommelighet – ikke minst for kollektivtransport og bedre tilrettelegging for myke trafikanter».

I planlegginga av ny Ringveg Aust er det naudsynt å sjå dei ulike strekningane i samanheng. Oppstarta arbeid med kommunedelplan gjeld derfor heile strekninga E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset. Statens vegvesen er tiltakshavar, og har nyleg levert forslag til planprogram til Bergen kommune som planstyresmakt.

Regionrådet Nordhordland og Bergen kommune har over lang tid involvert seg sterkt i realisering av og framdrift for dette planarbeidet, i tett samarbeid med Statens vegvesen, med sikte på at utbygging kan skje raskast mogleg. Vårt felles mål er byggestart i løpet av 2025, noko som tilseier at kommunedelplan bør vere vedtatt i løpet av 2020.

Regionrådet i Nordhordland og Bergen kommune ser det som særskilt viktig at strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset vert prioritert for byggestart i første periode i ny Nasjonal Transportplan 2022-2033. Lokalt vil ein gjere det som er naudsynt for å få til slik framdrift.

Med helsing

Karstein Totland
Leiar Regionrådet Nordhordland

Harald Schjelderup
Byrådsleiar Bergen kommune

Dokumentet er godkjent elektronisk.